



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 12.03.2018
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 16:05

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Odd Jøran Oldervik	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Evelyn Boge	SV	Odd Jøran Oldervik

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Trine Pettersen Grønbech
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
14/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
15/2018	DELEGERING AV ØKONOMIFULLMAKT I SAMBAND MED KONTRAHERING AV NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE
16/2018	SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA
17/2018	IKT NORDHORDLAND - OMORGANISERING OG UTVIDING
18/2018	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES, SV, OM EU SIN ENERGIUNION
19/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



12/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 12/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

13/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 13/2018 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

14/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Referatsak 7

Ordførar gav slikt svar på forslaget:

Kommunestyret vedtok i mai 2017 «Kommunal planstratgi».



Denne innhald blant anna oversikt over kva for planar som skal utarbeidast, og kva for planar som skal rullerast.

I planstrategien slår kommunestyret fast at «Energi- og klimaplanen» skal rullerast våren 2019.

Det er for tida fullt trykk på planarbeid som:

- *Kommuneplanens arealdel*
- *Områdeplan for Vaksdal*
- *Områdeplan for Stanghelle*

Det vil vera riktig å holde fast på framdriftsplanen i planstrategien om oppstart av arbeidet med rulling av Energi- og klimaplanen våren 2019.

Referatsakene vart elles tatt til orientering.

KOM - sak 14/2018 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vart tatt til orientering.

15/2018: DELEGERING AV ØKONOMIFULLMAKT I SAMBAND MED KONTRAHERING AV NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 17/2018

FPØ - Behandling:

Einingsleiar og prosjektleiar Willy Andre Gjesdal orienterte om prosjektet.

Kjartan Haugsnes ba om at referata frå byggenemnda vert lagt fram for formannskapet.

Jan Erik Bernes Roe (KRF) ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde Magne Hestad greie for gruppa sitt syn.

Røysting:

Tilrådinga vart vedteken mot 2 røyster (H, SV).

FPØ - Tilråding:

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.



Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Kjartan Haugsnes ba om å få ei oppstilling over kostnader med modulskule. Oversynet vert å leggja fram for formannskapet.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 7 røyster (SV, H, FRP, MDG)

KOM - sak 15/2018 Vedtak:

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.

16/2018: SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018
Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018

Behandling:

Kjartan Haugsnes ba om at sak om livssynsøytrale gravplass vert lagt fram for formannskapet.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 18/2018 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018
Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 16/2018 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

17/2018: IKT NORDHORDLAND - OMORGANISERING OG UTVIDING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Endrings-/tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka med følgjande endring: § 2 Samarbeidet er ikkje eit eige rettssubjekt. Samarbeidet er forplikta av aktuelle tariffavtaler innanfor KS-området.*

§ 8 Representantskapet vel eit styre som består av fem rådmenn og tre varamedlem i rekkefølge frå representantskapet, samt inntil to representantar for dei tilsette. Dei tilsette vel sjølv sine representantar.

§ 8 Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret. Vert endra til:

§ 8 Dagleg leiar er styret sin sekretær og sakshandsamar. Vedkommande har tale- og forslagsrett i styret sine møter, med mindre styret i enkeltsaker vedtek at vedkommande ikkje skal kunne møte.

§ 9 Styret har plikt til å sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap og revisjon av verksemda, i samsvar med kommunelova.

2. *Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.*

Framlegg frå Magne Hestad om å gå inn for rådmannen sitt framlegg no, men samtidig oppmoda selskapet om å setja i gang ein prosess for å endra vedtektene i samsvar med Kjartan Haugsnes sitt framlegg.



Røysting:

- Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtak.
- Kjartan Haugsnes sitt framlegg om vedtektsendring vart samrøystes vedteke.
- Det vart så røysta over om kommunestyret skal gjera vedtak om vedtektsendringa no (Kjartan Haugsnes sitt framlegg) eller oppmoda styret om å setja i gang ein prosess for vedtektsendring (Magne Hestad sitt framlegg). Magne Hestad sitt framlegg fekk 15 røyster (AP, SP (÷Jarle Audestad), MDG, FRP, H) og vart vedteke.

KOM - sak 17/2018 Vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Vaksdal kommune vil oppmoda styret om å setja i gong ein prosess for å endra vedtektene slik:

§ 2 Samarbeidet er ikkje eit eige rettssubjekt. Samarbeidet er forplikta av aktuelle tariffavtaler innanfor KS-området.

§ 8 Representantskapet vel eit styre som består av fem rådmenn og tre varamedlem i rekkefølge frå representantskapet, samt inntil to representantar for dei tilsette. Dei tilsette vel sjølv sine representantar.

§ 8 Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret. Vert endra til: § 8 Dagleg leiar er styret sin sekretær og sakshandsamar. Vedkommande har tale- og forslagsrett i styret sine møter, med mindre styret i enkeltsaker vedtek at vedkommande ikkje skal kunne møte.

§ 9 Styret har plikt til å sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap og revisjon av verksemda, i samsvar med kommunelova.

Forslag til vedtektsendring vert og å senda dei andre kommunane i IKT-samarbeidet.

18/2018: INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES, SV, OM EU SIN ENERGIUNION

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

Nei til EU sin energiunion.

SV i Vaksdal vil be om at kommunestyret sluttar seg til slik uttale mot EU sin energiunion:

Kommunestyret i Vaksdal krev at folket, gjennom norske styresmakter, skal ha full styringsrett over naturressursane våre.

Den reine og billege vasskrafta er grunnlaget for det moderne Noreg.

I over hundre år har streng nasjonal styring og kontroll skapt eit industrieventyr som har gitt oss



velferd og eit teknologisk forsprang på fleire felt.

Krafta vår er også grunnlaget for ny, grøn industri.

Dette norske eventyret kan gå mot ein tragisk slutt: Stortingsfleirtalet kan om kort tid koma til å gi vekk den nasjonale styringsretten til EUs energibyrå (ACER).

Regjeringa har tilrådd dette, og Stortinget avgjer spørsmålet allereie i mars.

Energi og energiflyt blir omtalt som EUs femte «fridom» ved sida av den frie flyten av varer, kapital, arbeidskraft og tenester.

Stadig vidare fullmakter til energibyrådet ACER er eit hovudmiddel for å verkeleggjera målet om ein full energiunion.

Norsk fornybar kraft skal bidra til å gi EU ein etterlengta «grøn» profil, og dekkja delar av EUs enorme energibehov.

Stadig fleire kablar til utlandet og styring av energiflyten dit EU treng han mest, betyr at vi gradvis «importerar» den europeiske straumprisen.

Berre nokre øre auke i straumprisen kan vera øydeleggjande for den kraftkrevjande industrien rundt om i Noreg.

Kommunestyret i Vaksdal vil prioritera stabil og billig kraft til norsk industri framfor å eksportera krafta ut av landet.

Kortreist straum er og miljøvennleg. Lang kabeltransport gir stort straumtap på vegen.

Regjeringa føreslår at Noreg skal tilsluttast EUs energibyrå ved å bruka overvakingsorganet i EØS – ESA – som mellomstasjon.

ESA skal motta vedtak frå ACER og kopiera dei over til ei ny Reguleringsmyndigheit for energi (RME). RME skal vera uavhengig frå nasjonale styresmakter, og vil vera underlagt EU.

Det er ei grov omgåing av Grunnlova når regjeringa lèt som om dette ikkje inneber ei avståing av suverenitet.

Både forslaget om tilslutning til EUs energibyrå og behandlingsmåten det blir lagt opp til, er fullstendig uakseptabel.

Kommunestyret i Vaksdal krev at folket, gjennom norske styresmakter, skal ha full styringsrett over naturressursane våre.

Spørsmål til ordførar:

Vil ordførar stø ein slik uttale som denne interpellasjonen vert sendt regjeringa?

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal gjev sin tilslutnad til uttalen "Nei til EU sin energiunion."

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Det er flere ting som blir tatt opp i denne interpellasjonen:

1. De fortrinnene vi har med rein og billig kraft kan etter interpellanten sitt syn gå mot slutten siden stortingsflertallet kan komme til å gi vekk den nasjonale styringsretten til ACER



2. Stadig flere utanlandskablar betyr etter Haugsnes sitt syn at Norge kommer til å importere europeiske strømprisar.
3. Vaksdal kommunestyret blir invitert til å slå fast at vi vil prioritere stabil og billig kraft til norsk industri framfor å eksportere kraften til utlandet.
4. Vidare hevdar Haugsnes at det er ei grov omgåing av Grunnlova når regjeringa later som om tilslutningen til ACER og RME – Reguleringsmyndigheit for energi – ikkje innebærer en avtåing av suverenitet.

Det har vært et industrielt fortrinn for Norge å ha rikelig rein og billig kraft. Vannkraften har gjort sitt til at vi har kunne tatt hele landet i bruk.

Kraftutveksling med omverden har gitt oss bedre sikkerhet for kraftforsyningen – at vi har kunne solgt kraft når vi har hatt overskudd og kjøpt utanlandsk kraft ved behov.

I månedskiftet februar/mars opplevde vi særskilte kalde døgn med mykje vind.

Det blåste i hele Europa.

Då importerte vi i vårt område rimelig sol- og vindkraft fra utlandet på dagtid og sparte på vatnet i magasinene.

Torsdag 1.mars kl.10.00 var strømprisen i BKK-området om lag 45 øre/Kwh.

I vårt område – BKK-området – importerte vi kraft fra utlandet.

I Midt-Norge og i nord – der mulighetene for strømutveksling er dårligare - var strømprisen over 2 kr/Kwh.

Produsentene av vind- og solkraft er avhengige av å selge denne kraften etterkvart som den blir produsert.

Vannkraft kan magasineres.

Strømprisene ble holdt lave pga. god utveksling av kraft over landegrensene – gjennom kraftkabler.

Det er ikkje slik at kraften bare går en veg.

Et annet fortrinn for norsk industri er at den får solgt varene sine.

EØS-avtalen sikrar tilgang til markedet i EU.

Over 70% av varene vi produserer i Norge blir solgt til EU.

EØS-avtalen skal sikre like konkurransevilkår.

Energibyrådet ACER og EUs tredje energipakke er ment å sikre et likt regelverk.

Norsk energipolitikk ligger fast, uavhengig av den tredje energimarkedspakken.

Norsk regelverk om konsesjoner til strømmnett og kraftverk, samt forvaltningen av naturressursene våre, vil fortsatt gjelde.

ACER er ikkje en lovgivende myndighet, men skal løse tekniske tvister og sørge for et mer effektivt energimarked.

RME skal se til at dette felles regelverket blir fulgt opp og altså løse tekniske tvister.

Det er etter min mening mulig for Norge å slå fast at ansvaret for forsyningssikkerheten, utvikling av kraftsystemet, utbygging, drift og vedlikehold av overføringsnettet og kraftforsyningsberedskapen forblir under klar politisk kontroll.

Det blir hevdet at norsk tilknytning til ACER vil føre til at kraftprisene øker.

Det som påvirkar strømprisene er kraftpris, nettleige og avgiftar.

Utenlandskablar til Tyskland og Storbritannia vil i følge NVE kunne øke norsk strømpris med 1-2 øre fram mot 2030, men prisen vil sannsynligvis gå ned på sikt.

Variasjonar i tilsig til vannkraftverkene, kuldeperiodar, nettleige og avgiftar vil ha mer å si på strømprisene. Ikkje ACER.

Et annet poeng er at vi har et felles energimarked sammen med de nordiske landene, og disse blir uansett en del av Acer.



Vi kan ikkje melde oss ut av dette.

Det har vert en heftig debatt om ACER.

Standpunktene en inntar er ofte sammenfallende med stanpunktet en har til EØS-avtalen.

Vi som er er for EØS-avtalen, må vurdere om vi ønsker å avslutte energisamarbeidet i Europa.

I tråd med reglement for kommunestyret pkt. 18.2 spør eg om det er nokon som motsetter seg å behandle forslaget i interpellasjonen?

Det vart så opna for debatt.

Heidi Rongved ba om gruppemøte

Røysting:

Det vart røysta over forslaget frå Kjartan Haugsnes som låg i interpellasjonen. Dette vart vedteke mot 9 røyster (H, FRP, AP (÷Bjørn Øivind Krogsrud og Jan Hansen))

KOM - sak 18/2018 Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal gjev sin tilslutnad til uttalen "Nei til EU sin energiunion."

19/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Kommunestyret 12.03.2018

Behandling:

Tema om Digitalisering - i starten av møtet:

1. Digitaliseringsstrategi v/Lars Tveit frå Evry
2. Status og planar i IKT-samarbeidet v/konst. rådmann Åse Elin Myking
3. Moglegheitene med ny portal v/Mona Mekki
4. IKT NH - Drift v/leiar for IKT NH Thomas Rønn-Aar
5. Personvern - tilpassing til nye reglar v/Thomas Rønn-Aar og Åse Elin Myking

Fast orientering frå rådmann - denne vert lagt inn under informasjon i Møteportalen

KOM - sak 19/2018 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.



SPØRSMÅL

Jan Hansen

Om vedlikeholdet på kommunale vegar på Vaksdal
Ordføraren svarte

Tom Charles Johnsen

1. Om størrelsen på eigedomsskatten
2. Status på streaming av kommunestyremøter

Ordføraren svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

Om næringsvirksomhet i kommunen
Ordføraren svarte

Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes

Vegvedlikehald i og omkring Vaksdal senter, jfr. spørsmålet frå Jan Hansen

Frå rundkøyringa ved busstoppet på Vaksdal og vegen inn til Vaksdal senter, samt deler av parkeringsplassen på Vaksdal senter er det store hull i dekket fleire stader. Det er stadfesta at bilar har punktert og slik dekket er i dag er det fare for skade på bilar.

Spørsmål:

Veit ordførar om det er planar for eit snarleg vedlikehald av omtalt veg og parkeringsplass?